

## Kraftpris:


Kraftprisen er meint å vere ein vare som skal vere utsatt for konkurranse der prissetting skal setjast ut frå tilbod og etterspurnad. Dette er ei sanning med nokre modifikasjonar – t.d. vart overføringsselskapa førebudde på rasjonering våren 2006 samstundes som systemprisen på kraft i same periode vart billigare. Sett på spissen; kraftleverandørane rekna berre med at det vart rekn og prisa deretter. Vart det ikkje rekn likevel måtte overføringsselskapet ha rasjonert.

Hemsedal Energi KF har fram til sumaren 2008 hatt som oppgåve å levere rimeleg kraft til våre kundar. Hyttekundar vart slepte fri i marknaden frå hausten 2002. Våre primære kundar vart då hushaldning og industri. Frå 2009 skulle Hemsedal Energi KF setje prisen i høve til marknadspris.

### Historiske prisar – dvs. kva må kunden betale for sitt forbruk:

Nedanfor visast eit diagram kva ei hushaldning som nyttar 30.000 kWh pr. år har betalt for denne krafta for kvart år. Dette er samanlikna med kva ei hytte har betalt for samme forbruket (høgst truleg er beløpet høgare, ettersom ei hytte i Hemsedal normalt nyttar kraft på vinteren og slik sett ikkje får nytte av lågare sumar-prisar). Det er vidare samanlikna med den gjennomsnittlege prisen på kraft i følgje statistikk frå SSB.

*For ordens skuld – differansane i prosent hadde vore større om en hadde nytta 20.000 kWh som grunnlag ettersom Hemsedal Energi KF ikkje har fastpris på kraft!*



Hemsedal Energi KF sine hushaldningskundar har hatt mellom 29 og 91 % lågare totale kraftkostnader i åra 2003 til 2008, medan ein i 2009 var bare marginalt lågare enn gjennomsnittleg kraftpris. I høve til ”hytteprisen” har hushaldningskundane hatt mellom 18 og 94 % lågare kraftpris totalt. Hytteprisen kan på mange måtar seiast å vere marknadspris ettersom den reknast etter spot-pris.


I 2009 vart det av ein del leverandørar tilbudt ein del produkter som for 2009 var betydeleg rimelegare enn variabel kraftpris og for 2009 også betydeleg rimelegare enn Hemsedal Energi KF. Leverandørane tilbyr m.a.o. kraft til lågare enn marknadspris – spotpris. Det er vel grunn til å tru at ein ikkje kan gjere dette i all framtid.

## Historiske priser – kva har ein kunde ved Hemsedal Energi spara:

Nedanfor visast eit diagram kva ei hushaldning har spara i tiden 2003 til 2009 – i kroner.

Samanlikninga er som for det forrige diagrammet, dvs. mot gjennomsnittleg salspris i følge SSB, mot prisen til hyttane i Hemsedal (spotpris pluss påslag) og frå 2009 mot den ”til ein kvar tid-billigaste leverandøren” – dvs. at kunden skifter straumleverandør kvar veke og heile tida treffer den med best tilbod. Sidan det berre er eit år som dette er registrert vil det ikkje synast i diagrammet, men derimot vil forskjellen stå i tabellen.

*Som samanlikninga på forrige side – dersom forbruket er lågare enn 30.000 kWh er innsparinga i prosent høgare, men lågare i kroner!*



Som ein kan sjå, forskjellane har vore betydelege. 2009 var eit noko spesielt år der hushaldningskundane for fyrste gong betalte meir enn marknadspris, på mange måtar prisen til hyttekundane. Vi reknar med at dette var eit unntak – og så langt i 2010 kan det sjå ut som om vi får ein omvendt situasjon i 2010.

Vi ynskjer å vere ein forutsigbar leverandør for våre kundar og sjølv om du som kunde av Hemsedal Energi KF vil måtte rekne med at prisane vil auke ved vedvarande høge marknadsprisar, så trur vi at det vil vere ein ”vinn-vinn-situasjon” dersom vi til saman greier å ha eit godt samarbeid.

Mvh. Arne Fredriksen  
Daglig leiar